# ktet i LO har røter utanfor Europa:

# .O-toppen



jiktet i LO. – Folk med minoritetsbakgrunn har viktige erfaringar i arbeidslivet som fagrørsla mister, seier ho.

på rasistisk ordbruk eller talemåtar som generaliserer folk frå andre kulturar.

Fafo-artikkelen viser dessutan til forsking som knuser myten om at innvandrarar er vanskelege å organisera. Dess lenger innvandrarar bur i Noreg, dess meir veks organisasjonsgraden. Etter ti års butid er organisasjonsgraden blant innvandrarar på nivå med nordmenn.



Inger Marie Hagen

### Aktivitetar viktig

Hagen trur språkproblem kan vera ei forklaring på kvifor folk med utanlandsk bakgrunn vegrar seg for å søka tillitsverv. Fagbevegelslsen har sitt eige stammespråk som kan vere vanskeleg for mange å komme inn i, ikkje minst om ein har norsk som andrespråk.

– Når det gjeld innvandrarar av andre- og tredjegenerasjon, er ikkje språk ei hindring. Her speler det nok meir inn at dei ikkje blir spurt. Dei får kanskje ikkje det same presset frå kollegaer om at «no er det din tur», seier ho.



Terje Olsson

Fafo-forskaren har eit klart råd til lokale fagforbund som vil bli betre på integrering:

**– Arranger medlemsaktivitetar for å nå ut til alle medlemmene. Slike aktivitetar gjer at fleire blir synlege i organisasjonane, seier ho og viser til at Sverige.**

Ein rapport frå svensk LO viser at delen av tillitsvalde fødd i utlandet faktisk er høgare enn blant svenskfødde.

– Eg snakka med ein tillitsvald med utanlandsk bakgrunn med erfaring frå svensk fagrørsle. Han fortalde at medan norsk fagrørsle er god på å læra opp tillitsvalde, er svenskane betre til å nå ut til og læra opp medlemmane, seier Hagen.

### LO tek sjølvkritikk

– Eg blir lei meg når eg ser det ikkje har skjedd noko på dette feltet, seier LO-sekretær Terje Olsson.

Han ønsker forslaget frå NTL Ung om eit minoritetsnettverk velkommen.

– Det er hyggjeleg at NTL har dette på dagsorden. Eg har ikkje høyrt om dette forslaget før, men tenker det kan gje ein god diskusjon under LO-kongressen. Me har alt eit nettverk for ungdom som har observatørstatus i sekretariatet.

*– Har du sjølv oppmoda folk med minoritetsbakgrunn om å bli tillitsvald?*

– Nei, det har eg ikkje, og eg har bakgrunn som mangeårig tillitsvald. Men det burde nok eg, og mange fleire, gjera.

marial@klassekampen.no

## ØKONOMEN SVARER

# 16 damer du bør få med deg



Av Roman Eliassen

LITTERATUR

### Hvilke kvinnelige økonomer bør man lese?

**Nylig trykket** Klassekampen en alternativ økonomisk pensumliste. En leser etterlyste flere kvinnelige økonomer. Her følger noen tips.

I denne avisen passer det å begynne med Rosa Luxemburgs «Die Akkumulation des Kapitals» (1913), angivelig undervurdert av marxister. «The Accumulation of Capital» (1956) er faktisk også tittelen på hovedverket til den mest kjente kvinnelige økonomen, Joan Robinson. Hun har en skarp penn! Prøv deg på hennes artikkel- og essaysamlinger.

**I kvinneåret** 1975 forventet mange at Robinson skulle få nobelprisen i økonomi. Den gang ei. Først i 2009 fikk første (og hittil eneste) kvinne prisen, Elinor Ostrom, for sitt arbeid om bærekraftig forvaltning av fellesgoder, blant annet i boken «Governing the Commons» (1990).

Ann Pettifors «The Coming First World Debt Crisis» (2006) og Carlota Perez' «Technological Revolutions and Financial Capital» (2002) handler om finanskriser. Førstnevnte har vært økonomisk rådgiver for Labour. Det har også Mariana Mazzucato, som har skrevet «The Entrepeneurial State» (2013).

Edith Penrose har gitt et viktig teoretisk bidrag i «The Theory of the Growth of the Firm» (1959). Likeså Ester Boserup i «The Conditions of Agricultural Growth» (1965). Marjorie Grice-Hutchinsons «The School of Salamanca» (1952) er et idéhistorisk verk som har inspirert den østerrikske skolen. Den økologiske økonomen Julie Nelson har skrevet boken «Economics for Humans» (2006). Innenfor utviklingsøkonomi kan Alice Amsdens «The Rise of 'the Rest'» (2001) fremheves, sammen med Jayati Ghoshs arbeid.



**DYKTIG:** Elinor Ostrom.

**De meste kjente** verkene til Carmen Reinhart («This Time is Different», 2009), Anna Schwartz («A Monetary History of the United States», 1963) og Esther Duflo («Poor Economics», 2011) er skrevet sammen med menn (hhv. Rogoff, Friedman og Banerjee). Den eneste kvinnen på den alternative pensumlisten, Deirdre McCloskey, ble kjent under navnet Donald før hun skiftet kjønn. Luxemburg og Robinson står også i skyggen av menn (Marx og Keynes). Hva sier dette om faget?

Homo economicus, som vi møter i fagets lærebøker, er en kynisk mann. Det hevder den feministiske økonomen Nancy Folbre i «Greed, Lust and Gender» (2009). En feministisk økonomi-klassiker er Marilyn Warings «If Women Counted» (1988), som kritiserer økonomers tendens til å verdsette mannlige aktiviteter.

Det kan vi ta til oss. Som et ledd i å verdsette kvinnelige økonomer høyere, kan universitetene bruke Irene Van Staverens lærebok «Economics After the Crisis» (2015).

**Roman Eliassen,**
phD-student ved Anglia Ruskin University, Cambridge

Lurer du på noe om samfunnsøkonomi, så skal våre økonomer gjøre sitt beste for å svare. Send inn ditt spørsmål til okonomi@klassekampen.no



Askill Halse



Katinka Holtsmark



Roman Eliassen



Jørgen Juel Andersen



Sara Cools